


SEMINAR

KLIMA & BYGNINGSVERN


25. januar 2024, Valdres Folkemuseum, Fagernes



ARRANGØR

Museumsforum Innlandet





**ALLE SNAKKAR OM KLIMAET.
DET ER IKKJE UTAN GRUNN.
FRAMTIDSUTSIKTENE GIR OSS
BÅDE VARMARE OG VÅTARE
VINTRAR, OG EIT SLIKT VER
KAN TRUGE KULTURMINNA
VÅRE. FLAUMEN «HANS»
VAR EI PÅMINNING OM KOR
ØYDELEGGANDE KLIMAET KAN
VERE. I MØTE MED SKRED OG
FLAUM ER KULTURMINNA
SÅRBARE.**





Temaet for Museumsforum Innlandet sitt seminar i 2024 er klima og bygningsvern – og dei utfordringane eit våtare klima kan skapa for eldre bygningsmasse. Handverkarane på musea har stor kunnskap om eigne samlingar, og arbeidet dei har utført har lenge sikra levetida på husa og den tradisjonelle handverkskunnskapen. Men i møte med eit våtare klima blir sjølv handverkarane utfordra.

Korleis kan musea i Innlandet bli arena for forskning og fornya kompetanse på dette området? Er tida inne for ein nasjonal pilot om klima og bygningsvern?



PROGRAM

FØR LUNSJ 09.30–12.00

FOREDRAG 1: Flaumen Hans skapte store utfordringar for fleire av musea i Innlandet. Frå fire av musea får vi høyre om alt frå handtering av prognosar, til trugande vassmassar og dialog med tilsette og styresmakter.

FOREDRAG 2: Kva slags utfordringar møter handverkarane ved musea i Innlandet dag? Vi får høyre handverkar og bygningsvernrådgjever ved Gudbrandsdalsmusea, *Håvard Syse*, som vil fortelje om store og små utfordringar for avdelingane i Gudbrandsdalen.

FOREDRAG 3: *Hans Johnsson* er bygningsvernrådgjever i Anno Museum og har lang erfaring som rådgjever i antikvarisk bygningsvern. Med nye klimautfordringar melder spørsmålet seg om kva slags råd ein skal gi musea og dei private huseigarane. Følgjer ein den tradisjonelle lina med antikvarisk bygningsvern, eller er det andre tiltak som betre fangar opp skadebilete og utfordringane med eit våtare ver?

FOREDRAG 4: *Johan Mattsson* er biolog og fagsjef i Mycoteam og har forska på bygningsbiologi og -vern i ei årrekke. Mattsson viser oss korleis eit endra klima endrar skadebilette på eldre bygningsmasse, og han gir oss råd til korleis vi kan jobbe med førebygging og reparasjon.

SAMTALE: I møte med eit våtare klima må vi endre handverkspraksisane på musea. Kva må vi gje slepp på av kjente antikvariske prinsipp, og kva må vi akseptere av nye, nødvendige tiltak? Vi møter *Tore Røbergshagen* frå Innlandet fylkeskommune, *Staffan Andersson* frå Anno Museum og *Kjell Marius Mathisen* frå Stiftelsen Lillehammer Museum til samtale.

Samtalen blir leia av *Knut Aastad Bråten* frå Gudbrandsdalsmusea.

ETTER LUNSJ 13.00–15.30

Klimaperspektiv på overordna nivå

FOREDRAG 1: *Erlend Eggen*, dagleg leiar i Klimakultur, fortel oss kvifor vi treng eit taktskifte for norsk klimapolitikk, og korleis forvaltinga, musea og kulturlivet kan ta eit større klimaansvar.

FOREDRAG 2: *Hanne Rashmi Grimstveit* er forskar, tilsett i Innlandet fylkeskommune. Det er godt dokumentert kvifor bevaring av bygg er godt for klimaet, men kva skal til for at eigarane sjølve skal forstå dette? Grimstveit fortel korleis forvaltninga kan rigge til nye system, strukturar, utdanningar, kurs og tilskotsordningar – som kjem bygga, huseigarane og handverkarane til gode.

FOREDRAG 3: Utdanning, kompetanseheving og utveksling må stå sentralt dersom vi skal jobbe rett og godt med bygningsvern i framtida. Vi får høyre *Eivind Falk* frå Norsk håndverksinstitutt fortelje om sitt arbeid med å sikre handverkskompetanse gjennom «Løfte håndverket» og «Ungt tradisjonshåndverk.»

FOREDRAG 4: *Arne Julsrud Berg* er direktør for Mjøsmuseet, og ser kvardagen og utfordringane med etterslep og tronge økonomiar. Kor trykker skoen, og kva vil vere løysinga? Opptrapping for avhending eller auka rammer for bevaring og vedlikehald?

SAMTALE: I lys av endra klima aukar behovet for meir forskning, betre kompetanse og fleire samarbeid – i forvaltinga, musea og forskingsmiljøa. Korleis kan musea bidra til å vedlikehalde, løfte og vidareutvikle ein kompetanse som blir stadig viktigare for samfunnet? Kan musea i Innlandet med sin unike samarbeidsmodell og nasjonalt sentrale kompetansemiljø, stå i spissen for ein pilot på klima og musealt bygningsvern som kan kome alle til gode?

Vi møter til debatt:

André Støylen, direktør, Sparebankstiftelsen DNB

Tom Svellet, hovudutvalsleiar for kultur,

Innlandet fylkeskommune

Rune Støstad, stortingsrepresentant (AP)

Margrethe Haarr, stortingsrepresentant (SP)

Turid Kolstadløkken, avdelingsdirektør, Riksantikvaren

Samtalen blir leia av *Ole Aastad Bråten* frå Valdresmusea.



GRAFISK FORMGIVNING: EVA KÄRLESSON DESIGN. FOTO: ANNE MARTE EDR